

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.06.2016
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2013/3778
STYRESAK: **039/2016**

STYREMØTE: **17.06.2016**

Tidlegare handsaming i styret: 036/2014 O, 061/2014 O, 045/2015 O, 070/2015 O

FORSLAG TIL VEDTAK

Rapportering frå prosjekt i Helse Førde per juni 2016 vert teken til orientering.

Oppsummering

Styret i Helse Førde har bedt om å bli jamleg orientert om prosjektarbeid i Helse Førde, på status og oversikt. I tråd med årsplan vert oversikt per juni 2016 presentert.

Fakta

Det vert i Helse Førde gjennomført mange ulike typar prosjekt. Dette er både prosjekt med lokalt initiativ og gjennomføring av regionalt initierte prosjekt med lokal deltaking og implementering. Alle prosjekta vert følgde opp gjennom jamleg rapportering til føretaksleiinga og/eller til eigne styringsgrupper.

For å styrke prosjektprosessen og overvakinga av status og risiko i dei ulike prosjekta, rapporterer prosjektleiarane jamt på status i prosjekta. Prosjektlearar følgjer opp med tiltak i tilfelle der status ikkje syner tilfredstillande bilde. Statusvurdering dannar også grunnlag for kommunikasjonen internt i prosjekta, og med prosjekteigar/styringsgruppene.

Program og prosjekt i Helse Førde som har høg prioritet er:

- Program pasientens helseteneste
- Program for pasienttryggleik
- Alle møter
- DIPS Arena
- KULE
- DMA
- LIBRA
- Samhandlingsprogrammet
- Samhandlingsbarometeret fase 2
- Telemedisin Sogn og Fjordane fase 3
- Bygg aust
- Nytt naudnett
- Nasjonalt helseatlas
- Investeringsporteføljen
- Transportadministrasjon
- CheckWare

Program for pasientens helseteneste

Det er etablert eit program som skal realisere Pasientens helseteneste. Våren 2016 er nytta til å etablere program og prosjekt, forankring og tydeleggjering av mål og tiltak og kommunikasjonsaktivitetar. Det blir rapportert på status i ei eiga sak til dette styremøtet.

Program for pasienttryggleik

Målet med program for pasienttryggleik er å betre pasienttryggleiken i sjukehusa på Vestlandet, og å byggje varige strukturar for pasienttryggleik.

Helse Førde deltek innanfor alle innsatsområda som ligg i programmet, og alle sengepostar/avdelingar har implementert fleire aktuelle tiltak. Det vert rapportert jamleg på status med omsyn til implementering og resultat frå avdelingane, indikatorane i styringsportalen vert følgde, målingane vert vurderte og eventuelle korrigerande tiltak vert sett i verk. Programmet har gått frå å vere prosjektarbeid til å vere eigd av avdelingane, og etter kvart del av dagleg drift.

Det er i dag to tilsette som arbeider med koordinering, undervisning, implementering og rettleiing til avdelingane.

Alle møter

Regionalt prosjekt i Helse Vest. Måla med «Alle møter» er mellom anna at aktiviteten i poliklinikk er planlagt og effektiv, og at pasientar og pårørande har korrekt og lett tilgjengeleg informasjon. I dette ligg blant anna kortare ventetid for pasientane, og at fleire møter til tildelt time.

Prosjektet har fokus på planleggingshorisont på oppgåver og fråvær, og tildeling av direkte/faktiske timar til alle. Spesielt fokus har arbeidet med «Min pasientjournal» hatt i den siste perioden, og den 22. mai fekk pasientar i Helse Vest over 16 år tilgang til sjukehusjournalen sin på nett. I første omgang er dette for pasientar innanfor somatikken. Vidare plan er å opne opp for pasientar innanfor rus og psykisk helsevern 19. september.

Delprosjekta «Åpen linje», «Vel møtt» og «Mitt timeval» er starta opp og vil ha auka fokus i tida framover. Med desse prosjekta skal vi gjere det enklare for pasientane å nå oss på telefon, vi skal la pasienten bli meir sjølvbetjent på sjukehuset med blant anna innsjekk og betaling, og vi skal la pasientane endre timane sine sjølv. Alle desse delprosjekta vil gjennomføre pilotar før ei eventuell breidding til alle avdelingar.

DIPS Arena

Regionalt prosjekt der målet er at helseføretaka i Helse Vest gjennom gradvis innføring av DIPS Arena som journalsystem skal bidra til optimalisering og innføring av felles rutinar og arbeidsprosesser.

Helse Førdes oppgåve er gjennom lokal prosjektorganisering å førebu og gjennomføre innføring i føretaket. Vidare å delta i referansegrupper for fagleg og regional forankring, bidra med ressursar frå eige fagsenter samt planlegge og gjennomføre pilotering.

Det regionale DIPS Arena-prosjektet gjennomgår no innføringsløpet på nytt. Dette fordi det står att ein del utviklingsarbeid før systemet kan breiddast ut. Dette medfører at innføringsløpet lokalt også vert endra. Slik det no ser ut, vert det ikkje pilotering før tidlegast hausten 2017. Vi må rekne med at nytt system ikkje vert fullstendig utrulla i føretaka før tidlegast hausten 2018.

KULE

Regionalt prosjekt. Målet med KULE er å betre kvalitet, tryggleik og effektivitet ved å etablere elektronisk løysing for kurve og legemiddelhandtering integrert med DIPS. Gjennom dette vil m.a. risikoen for feil knytt til legemiddel bli redusert.

Lokal prosjektgruppe arbeider no med opplæringsplanar, og vil starte opplæring rett over sommaren i samsvar med utrullingsplan.

DMA (Digitalt mediaarkiv)

Regionalt prosjekt. Målet er å oppnå betre og sikrare pasientbehandling og auka støtte til kliniske vurderingar. Dette skal skje gjennom god og sikker felles løysing for lagring, atffinning, deling og bruk av bilde og video knytt til pasientbehandling.

Pilotering av DMA skjer no i Helse Førde. Prosjektgruppa er i gang med vidare implementering.

LIBRA (Lager, innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffing)

LIBRA er eit stort regionalt program, der Helse Vest mellom anna skal byte til nytt økonomisystem. Dette vert ei stor investering av Helse Vest IKT. Alle helseføretaka i Helse Vest skal nytte dette systemet.

I samband med behovet for nytt økonomisystem, har Helse Vest starta eit arbeid med å optimalisere støttetjenester innan økonomi, innkjøp og logistikk. Dette vert gjort gjennom å utforme og innføre sams arbeidsprosessar basert på beste praksis, innføre felles systemstøtte, foreslå optimal organisering, forbetre, effektivisere og auke kvaliteten på ikkje-medisinske tjenester.

Kvart helseføretak har organisert eigne lokale prosjekt for å førebu seg på eit nytt system, og dei endringane som vil kome i samband med dette. Det lokale prosjektet skal syte for at endringane vert implementerte på ein god måte. Prosjektet vil påverke alle leiarar, stabsfunksjonar og andre tilsette som er involverte i økonomiarbeid og vareflyt i sjukehusa. Helse Førde tilpassar no organisasjonen til LIBRA.

Samhandlingsprogrammet

Samhandlingsprogrammet er ei overbygning for ei rekke større og mindre prosjekt som gjeld samhandlinga med kommunane, og som ofte har fått tildelt samhandlingsmidlar frå Helse Vest eller eksterne tilskotsmidlar. Dei fleste prosjekta har felles styrings- og prosjektgrupper med kommunane.

Under programmet høyrer prosjekt som «Telemedisin Sogn og Fjordane», «Samhandlingsbarometeret», «Pasientar med store og samansette behov», «Funksjonsvurdering på tvers», og «Kompetanseheving i helsepedagogikk». Nyleg avslutta prosjekt er «Saman om forskning» og «Co-produksjon - samarbeidsbasert tenesteutvikling».

Det blir gjennomført ei eiga rapportering på nokre av prosjekta i programmet.

Samla sett er det utfordringar i høve til framdrift og måloppnåing i ein slik prosjektportefølje med så mange deltakarar. For å sikre betre felles styring, blir koordineringsrådet si rolle som arena for partane i høve til fellesprosjekt drøfta. Ei ordning der koordineringsrådet er styringsgruppe blir prøvd ut for prosjektet «Pasientar med store og samansette behov.»

Telemedisin i Sogn og Fjordane fase 3

Deltakarar i dette samhandlingsprosjektet er alle kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde. På bakgrunn av kartlegging, tilrettelegging og utprøving i fase 1 og 2 pågår det i fase 3 ei implementering av utprøvde løysingar innan hud-/sårområdet, akuttmedisin, undervisning og møte. Tilrettelegging av infrastruktur og implementering av tilrådd utstyr ved aktuelle sjukehusavdelingar og i alle kommunane er prioritert. Det pågår i tillegg utprøving på åtte nye område. Prosjektperioden varer fram til 31.12.16, og overgangen til ein ny fase med drift og vidare utvikling blir førebudd.

Samhandlingsbarometeret fase 2

Prosjekt der deltakarane er alle kommunane i fylket, Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Samhandlingsbarometeret skal hente, utvikle og gjere tilgjengeleg relevant styringsinformasjon i høve til utvikling av tenestene og samhandlinga. Det er etablert samarbeid med Helse Bergen og UNN som vil nytte det same verktøyet. Det er no lagt stor vekt på oppdatering av innhaldet, samstundes som integrering av folkehelsesdata er eit viktig utviklingsområde. Nytt brukargrensesnitt og ein portal med utvida innhald blir førebudd. Det er utlyst ny prosjektressurs for å styrke arbeidet.

Bygg Aust

Entreprenørar er valde med Skanska AS som hovudentreprenør. Arbeidet i byggetomta er godt i gang med plan om innflytting 01.07.2017 i samsvar med tidlegare planar.

Anboda låg noko over det som var venta, slik at om lag 2/3 av prosjektereserven/marginen var brukt opp før arbeid starta. Gjenstående prosjektreserve er no om lag 3,5 mill.

Nytt naudnett

Nasjonalt prosjekt med mål om å medverke til ein tryggare og meir effektiv kommunikasjon. Skal bidra til å vidareutvikle og støtte opp under samhandlinga mellom ressursane i kommune- og spesialisthelsetenesta, samt med politi og brannetatane. Dette skjer gjennom storstilt utbygging av naudnett i heile landet til erstatning for dagens helseradionett.

27. oktober 2015 gjekk Helse Førde på nytt naudnett. Samtlege naudetatar brukar no naudnett til dagleg kommunikasjon. Det pågår no erfaringsmøte med alle aktørane for å fange opp erfaringar og utfordringar med drifta.

Vidare opplæring for brukarar og instruktørar av små kontrollrom startar i veke 39. Samtlege brukarar ved akuttmottak i Førde og ved medisinsk avdeling på Eid og Lærdal deltek. I tillegg skal det gjennomførast opplæring for alle brukarar ved legevaktsentralane ved Førde LVS, Nordfjord LVS og Sogn LVS.

Prosjektet skal gjennom delprosjektet «Internvarsling i sjukehusa» også sjå på om det er råd å gjennomføre internvarsling av akutteam, beredskap og psykiatri ved sjukehusa i Helse Vest.

Nasjonalt helseatlas

For å få betre kunnskap om forbruk og variasjon av helsetenester skal det utviklast ei nasjonal elektronisk atlasteneste. Nasjonal helseatlasteneste skal presentere omfang, ulikskapar og utviklingstrendar av helsetenester (diagnostikk, prosedyrar osv.) fordelt på geografiske regionar.

Helse- og omsorgsdepartementet bad i føretaksmøte i januar 2015 Helse Nord RHF og Helse Vest RHF om å samarbeide med Helsedirektoratet om å utvikle ei nasjonal atlasteneste. Helse Førde utfører dette oppdraget på vegne av Helse Vest RHF, og starta arbeidet i september/oktober 2015. Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering har starta opp arbeidet på vegner av Helse Nord RHF.

Helse Førde fekk i april konsesjon frå Datatilsynet til behandling av helseopplysingar knytt til utviklinga av Nasjonal helseatlasteneste. Konsesjonen er tidsavgrensa til 1.1.2026. Etter at konsesjonen vart gitt, har vi søkt Norsk pasientregister (NPR) om utlevering av data frå spesialisthelsetenesta. Det er søkt om opplysningar frå både somatikk og psykiatri, frå både private og offentlege tilbydarar, i femårs datasett.

Helse Førde sitt første helseatlas er planlagt innan ortopedi. Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) har gitt ut helseatlas innan dagkirurgi og barnehelse, og har planar om

helseatlas knytt til KOLS, forbruk av spesialisthelseteneste for eldre og ei vidareutvikling av barnehelseatlas.

Investeringsporteføljen

For å følgje med på dei enkelt investeringane, og for å rådgje administrerande direktør med prioriteringar, er det oppretta ei eiga styringsgruppe for investeringar under 50 millionar. Grappa vert med jamne mellomrom orientert av prosjektleiarane om kor langt prosjekta er komne i prosess frå iverksetjing til ferdigstilling. Det vert i tillegg rapportert om måloppnåing i kvart enkelt prosjekt. Det gjeld mål innan framdrift, kostnader og samla måloppnåing på kvart enkelt prosjekt.

Nokre prosjekt går over fleire år, slik at vi i år brukar av investeringsmidlar som var løyvd av styret for 2015 og bakover i tid.

Budsjettet for dei pågåande prosjekta i mai er samla 50,6 millionar. Estimert prognose for desse prosjekta er 59,7 millionar. Kostnader utover budsjett vert løyst med tilleggsøyvingar og/eller ved å redusere omfang i prosjekta. Finansiering av tilleggsøyvingar kjem frå mindreforbruk frå tidlegare år, og ved at pågåande prosjekt får ekstra løyvingar i nytt år. Vi meiner at organiseringa rundt prosjekta gjer at vi no har ei god samla oversikt over investeringsprosjekta.

Transportadministrasjon

Transportadministrasjonssystem i Helse Vest er eit regionalt prosjekt. Det skal vere med på å styre transportkjeda med informasjon og sporing av materiell. Løysinga skal ta seg av dagens manuelle oppgåver elektronisk. Systemet vil gi auka kontroll både på varemottak og vareutlevering. Det skal også gje auka tilgang på informasjon for relevante brukarar av varene.

Status i dag er at Helse Stavanger og Helse Fonna har fått rulla ut løysinga og det er gjennomført opplæring i systemet. Helse Bergen og Helse Førde avventar implementering på grunn av ein nødvendig integrasjon med Merida først må vere på plass.

Prosjektet er avslutta og overført til drift. Ved ein eventuell utrulling i Helse Førde og Helse Bergen, vil dette bli gjort av Helse Vest IKT.

Helse Førde er så langt ikkje belasta med kostnader i prosjektet.

CheckWare

Regional utrulling av CheckWare (kartleggingsverktøy i samband med pasientbehandling, forskning og kvalitetsarbeid).

Målet i haust var å vere ferdig med innføring av CheckWare i psykisk helsevern ved utgangen av mai 2016, då prosjektet opphavleg skulle avsluttast i juni. Det vart såleis gjennomført informasjonsmøte for leiarar, superbrukarar vart oppnemnde og har vore på kurs.

Grunna meir ressurskrevjande arbeid med overføring av integrasjonar (DIPS) enn først tenkt, og testing av ny versjon av CheckWare, vart heile prosjektet forseinka.

Det er knytt risiko til å skulle gå i produksjon før alt er tilstrekkeleg testa. Helse Førde vil derfor gjennomføre akseptansetest i løpet av sommaren. Venta oppstart er veke 34 - ved DPS Dag i Førde.

Prosjekt/Program	Tid	kost	Kvalitet
Pasientens helseteneste	1	1	1
Program for pasienttryggleik	1	1	1
Alle møter	2	1	1
DIPS arena	2		1
KULE	1	1	1
DMA	2	1	2
LIBRA	1	1	1
Samhandlingsprogrammet	2	1	2
Samhandlingsbarometeret fase 2	2	1	2
Telemedisin fase 3	1	1	1
Bygg aust	1	2	1
Nytt naudnett	2	1	2
Nasjonalt helseatlas	2	1	1
Investeringsporteføljen	1	2	1
Transportadministrasjon	1	1	1
CheckWare	3	1	1

Konklusjon

I Helse Førde er det høg aktivitet innan ulike prosjekt og prosessar, med fokus på auka pasienttryggleik, kvalitet og samhandling. Verktøy og system som er etablerte for å overvake og halde kontroll over aktivitet, ressursbruk og prioritering er under stadig utvikling.